



Pris til ex-velledaling. Har du høyrte om Moment Interiør...? Nei, kanskje ikkje så rart heller. Men familieverksemda, som ligg i Lillestrøm, har ein velledaling i sin midte. Namnet Ingunn Brunstad nikkar dei fleste gjenkjennande til. Dotter til Jon C. og Oline Brunstad.

Rett nok er det ei stund sidan no(men det var i 2007), at Ingunn på vegne av bedrifta, kunne ta i mot pris frå Lillestrøm Næringsråd for beste service. Frå avisutklippet siterer vi: "Blant kriteriene for en god butikk er; alle lys og spoter virker, musikken som spilles gleder kundene, varene er priset, annonserte varer er godt eksponert, det er ingen tomesker eller søppel i butikken – og golvet er reint". DiS gratulerer.

Syng du ? Det er ei glede å denne gongen kunne slå eit slag for Velledalskoret. Dei er opprådde. Det stundar mot julenattiné (vert kunngjort seinare, men datoen er 22 desember), og koret treng bassar. Men det er ikkje så beinsmia å finne kan du skjøne. Er du rimeleg grov i røysta, i stand til å syngje i anna enn lystig lag så hiv deg frampå: Kontakt Irene Hovet eller andre songfuglar i koret. Dei øver kvar onsdag, og etter jul flyttar dei fram att i dalen med øvingane, vert det meldt frå pålitelege kjelder. Bravo !!

Ikkje pengar til Velledalen. Velledalen i Balanse (ViB) søkte i haust om bygdemobiliseringspengar frå Møre og Romsdal fylke. I år vart det avslag, men vi prøver med ny søknad neste år. Pengane dette året gjekk til Sandsøy og Voksa grendalag og Solsiden Vekst på indre Averøy på Nordmøre. Og dei har det sjølv sagt – på alle måtar - ringare enn vi velledalingar.

Heimesida endeleg oppe. Merk deg at www.velledalen.net no er oppe og går. Den vil bli viktig for all aktivitet og informasjon i dalen i tida framover. Jarle Lade er "heimesidestyrar", så har du noko på hjartet kan du melde til han (tlf. 70 25 07 45 eller e-post: jarle.lade@norpost.net) Dalen i Sentrum vil framleis kome ut, sikkert spesielt kjærkome for dei som ikkje er datakyndige.

Årets turist. Hjortejakta er no slutt, og det er dermed klart at Kjell Perry Drotninghaug kan kårast til "Årets hjortejeger 2007" i Velledalen. Som før meldt «landa» han ein hjortebukk på godt over 120 kg alt fyrste jakt dagen. Men kven vert årets turist i Velledalen i 2007...? Kåringa med premiering finn stad skitnesundag. Vi har fått meldt inn at ein mannsperson i 50-åra har fem utanlandsreiser dette året. På desse reisene har han vore innoom ti ulike nasjonar. Nokon betre...???? (Petter Skogvold er tidlegare kåra til "Årets fiskar 2007").

Passert 4 million. Vi snakkar om omsetninga på Jokerbutikken i Velledalen. November vart ein god månad. 32 prosent over same månad i fjor og 90 000 kroner over det budsjetterte. DiS ser det som naturleg at velledalingane gjer store deler av julehandelen sin på heimebane.

Ymse:

Tindemat: Divande god nyprodusert økologisk kjøtputting i sal i Jokerbutikken (www.tindemat.no)

Turr ved: Ole Johnny Myrseth – bjørk og blandingsved – tlf. 934 99 518 – 70 25 01 09

Juletre: Ferske, velskapt juletre på Holen – også sjølvhogst – tlf. 70 25 14 95 – 959 13 264

Juleblomar: Vi kjøper hjå Holmberg – kvalitetsvarer til lave prisar gjennom 50 år.

Andre gåver: Julefabrikken er den perfekte handlestad for borna sine vennegåver. Rikt utval.

Ullmax: Dei perfekte underklede. Kontakt VIL v/Elisabeth U Hjorthol eller Atle Hole

Til slutt: Tak godt vare på kropp, sjel og kvarandre i ei stressa førjulstid.



Holmbergs gartneri er kjende for kvalitetsblomar til lave prisar gjennom 50 år



Morten Holmberg er direktør i Julefabrikken. Ein perfekt stad for borna sine "vennegåver" med eit rikt produktutval i prisklasse 10-50 kroner.

Men du kan òg finne langt dyrare gåver. Ope 10-17 komande laurdag + site laurdag og sundag før jul.

This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.
This page will not be added after purchasing Win2PDF.